



TELEMARK FYLKESKOMMUNE  
*Administrasjonen*

Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011

0030 OSLO

*Ref.*

*Vår ref.* 12/1383-5  
F03/ANAK

*Dato* 19.04.2012


**MELDING OM VEDTAK - ENDRING I TOBAKKSKADELOVEN**

Fylkesutvalet behandlet i møte 11.04.2012 sak 33/12.  
Det ble gjort følgende vedtak:

**Vedtak i Fylkesutvalet**

|   |   |
|---|---|
| 1 | <i>Telemark fylkeskommune støttar i hovudsak forslaga til tiltak i Høringsnotat om endringar i tobakkskadeloven av januar 2012.</i>                                 |
| 2 | <i>Forslaget om å innføre ei tobakksfri skuletid for elevar og ikkje for tilsette reduserer effekten av tiltaket. Ordninga bør vere lik for elevar og tilsette.</i> |

Med hilsen

  
Anne Karin Andersen  
Leder Folkehelseprogrammet i Telemark

VEDLEGG: Fylkesutvalgssak nr. 33/12



TELEMARK  
FYLKESKOMMUNE

## Saksprotokoll

---

**Utval:** Fylkesutvalet  
**Møtedato:** 11.04.2012  
**Sak nr:** 33/12

---

**Resultat:** Innstilling vedtatt

**Arkivsak:** 12/1383  
**Tittel:** SAKSPROTOKOLL: HØRING - ENDRING I TOBAKKSKADELOVEN

### Vedtak i Fylkesutvalet

|   |   |
|---|---|
| 1 | <i>Telemark fylkeskommune støttar i hovudsak forslaga til tiltak i Høringsnotat om endringar i tobakkskadeloven av januar 2012.</i>                                 |
| 2 | <i>Forslaget om å innføre ei tobakksfri skuletid for elevar og ikkje for tilsette reduserer effekten av tiltaket. Ordninga bør vere lik for elevar og tilsette.</i> |

### Behandlinga i Fylkesutvalet

Representanten Thorleif Vikre, Frp, fremma følgjande forslag:

Telemark fylkeskommune mener at de senere års tiltak for å redusere tobakkskader er godt utgangspunkt for å redusere skader. Telemark fylkeskommune mener at prinsipielle hensyn tilsier at lovgiver skal være tilbakeholden med å innføre ytterligere restriksjoner på lovlig solgte produkter i Norge.

Votering:

Vikres forslag blei sett opp mot fylkesrådmannens forslag.  
Fylkesrådmannens forslag blei vedteke med 6 mot 5 røyster.



## SAKSFRAMLEGG

### **HØYRING - ENDRING I TOBAKKSKADELOVEN**

Godkjent av:

Arkivsaksnr.: 12/1383

Arkivkode: F03

Saksbehandlar: Anne Karin Andersen

Behandling i:

Fylkesutvalet

#### **Forslag til vedtak frå fylkesrådmannen**

|   |   |
|---|---|
| 1 | <i>Telemark fylkeskommune støttar i hovudsak forslaga til tiltak i Høringsnotat om endringar i tobakkskadeloven av januar 2012.</i>                                 |
| 2 | <i>Forslaget om å innføre ei tobakksfri skuletid for elevar og ikkje for tilsette reduserer effekten av tiltaket. Ordninga bør vere lik for elevar og tilsette.</i> |

#### **Problemstillinga i få ord**

Helse- og omsorgsdepartementet sendte 13.januar 2012 ut høyringsnotat om endringar i Tobakkskadeloven og bad om tilbakemeldingar som grunnlag for vidare behandling. Regjeringa vil ta endeleg stilling til forslaget etter at høyringa er avslutta 20.april 2012.

#### **Saksopplysningar**

Dei siste åra har talet på røykarar gått jamnt ned, men blant unge (17 – 24 år) er det fortsatt nær 150 000 som røyker kvar dag, eller av og til. I det heile røyker fortsatt over ein million dagleg, eller av og til. Utviklinga i snusbruk blant unge har auka kraftig dei seinaste åra. Om lag kvar tredje unge mann (36 %) og kvar sjette unge kvinne (16 %) snusar dagleg, eller av og til.

Forslaget til høyringsnotatet er m.a. basera på Verdens Helseorganisasjons Tobakkskonvensjon, erfaringar frå førre strategiperiode, samt erfaringar frå andre land. Våren 2010 gjennomførde Verdens Helseorganisasjon ei evaluering av tobakksarbeidet i Noreg. Rapporten frå denne gjennomføringa er eit viktig grunnlag for fleire av forslaga i notatet.

Helse- og omsorgsdepartementet kjem med ei rekke tiltak for å hindre at barn får tak i tobakksvarer, gjere fleire arenaer røykfire og styrke vernet mot passiv røyking. Dei viktigaste er omtala i pkt. 1.2 i høyringsnotatet – *Hovedinnholdet i departementets forslag:*

- Kommunal bevillingsordning for å styrke tilsynet med aldersgrensen på 18 år for kjøp av tobakksvarer
- Lovfeste tobakksfri skoletid for elevene
- Forbud mot sal av 10-pakninger
- Fjerne adgangen til å ha røykerom på arbeidsplasser
- Gjøre fleire arenaer i samfunnet og alle inngangspartier i helseinstitusjoner og offentlige virksomheter røykfrie (beboere adgang til å røyke på eget rom)
- Utvide tobakksskadelovens formålsbestemmelse til å inkludere den langsiktige visjonen om et tobakksfritt samfunn

Departementet gjer framlegg om at alle barnehagar og skular skal vera tobakksfrie ute og at det vert lovfesta tobakksfri skoletid for elevane.

Undersøking viser at det er tilslutning i befolkninga til innføring av røykfri skoletid for elevar, lærarar og barnehagetilsette, men lågare tilslutning til eit generelt forbod mot røyking i arbeidstid. Støtta er omtrent lik for tiltak retta mot omsetnad og bruk av snus.

I ein rapport fra SIRUS i 2009 seier forskarar at det er viktig å styrke innsatsen overfor dei aldersgruppene som går på vidaregåande skule, då det er her det største tilsiget av nye røykarar kjem. SIRUS rår til røykeforbod i skoletid, både for lærarar og elevar.

Fylkeskommunen har i dag moglegheit til å forby elevane å bruke tobakk gjennom forskrifter om ordensreglement for den einskilde vidaregåande skule, jfr. opplæringslova § 3-7 første ledd. Utgangspunktet for reglementet er at dette kan regulere elevanes åtferd i timane, friminutta, på skuleveg og turar eller ekskursjonar i skulens regi, men ikkje i fritid elles. Dette inneber at elevåtferd utafor skulens område, men innafor skoletida, kan regulerast i ordensreglementet.

Departementet drøftar spørsmålet om røykfri arbeidstid for tilsette ved skular, barnehagar, helseinstitusjonar og barnevernsinstitusjonar, men gjer ikkje framlegg om å lovfeste dette.

## **Gjeldande rett nasjonalt:**

### **4.4.1 Gjeldande rett**

- Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa § 9a-1 (opplæringslova) slår fast at alle elevar i grunnskuler og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremmer helse, trivsel og læring. I læreplanverket er eit sentralt område at elevane skal utvikle ein helsefremmande livsstil og lære å ta vare på eigen psykisk og fysisk helse.
- I forskrift 1. desember 1995 nr. 928 om miljørettet helsevern i barnehager og skoler mv. er det i § 18 røykeforbod inne på skular. Formålet er at miljøet på skulane skal *”fremmer helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold samt forebygger sykdom og skade”*, jf. § 1.
- Folkehelseloven, § 20 *”Om fylkeskommunens ansvar for folkehelsearbeid”*: *”Fylkeskommunen skal fremme folkehelse innen de oppgaver og med de virkemidler som fylkeskommunen er tillagt” og vidare “Skolen er en arena for å fremme helse gjennom blant annet ...tiltak for å forebygge tobakksbruk”.*

Tilsaman 17 fylke har i 2010 vedtak som inneber innskjerping av moglegheiten til å bruke tobakk ut over det som er lov- og forskriftsregulert.

## **Gjeldande vedtak i Telemark**

- Hovudutvalet for kompetanse gjorde i 2007 vedtak om at dei vidaregåande skulane i Telemark skulle vera tobakksfrie. Dette ble seinere same år, etter ein del bråk i media,

endra til: *“Dei vidaregåande skulene i Telemark skal vera tobakksfrie frå skoleåret 07/08. Rektor har ansvar for gjennomføringa.”*

- Opplæringsjefen sendte ut følgjande presisering av tobakksfri skoletid: *“Med dette meinast at ingen kan røykje/snuse i løpet av skuledagen, heller ikkje utafor skolens område når elevane tek del i aktivitetar i regi av skulen.”*
- Vedlagt saken i 2007 var òg eit brev frå elev- og lærlingeombudet med konklusjonen: *“elev- og lærlingeombudet i Telemark er positiv til et vedtak om tobakksfrie vidaregåande skolegårder i Telemark. Dette begrunnes i tilbakemeldinger fra elevrådene og rektorene på de vidaregåande skolene i Telemark, og representantar fra Telemark ungdomsting”*  
..... og vidare  
*“Elev- og lærlingeombudet i Telemark er for et forbud mot tobakk i vidaregåande skoler i Telemark. De fleste andre fylker her i landet har allerede et slikt forbud. De negative konsekvensene av røyking er store, og vi må derfor gjøre alt vi kan for at unge mennesker ikke rekrutteres til røyking. De vidaregåande skolene er dessverre en rekrutteringsarena, og jeg tror derfor at et forbud mot tobakk på skolenes områder er et steg i riktig retning.  
Dersom det innføres et forbud mot tobakk i vidaregåande skolegårder i Telemark, er det viktig, som elevrådene også påpeker, at dette også skal gjelde lærere og andre ansatte!”*

I Telemark er det elles gjort fleire grep for å redusere tobakksbruk, m.a. røykfrie idrettsanlegg. På bakgrunn av utspel frå fylkesordføraren i november 2011 gjorde Telemarks Idrettskrets (TIK) styrevedtak om å legge til rette for at anleggseigarar sett opp skilt som oppfordrar til røykfrie anlegg. Denne oppfordringa er følgd opp nasjonalt av Norges Idrettsforbund NIF. Også arbeidsplassar (m.a. Skien Sykehjem og Sykehuset Telemark HF) har på eie initiativ innført røykforbod.

Høyringsnotatet er sendt alle sektoransvarlege i fylkeskommunen, samt TFK-eiendom. Opplæring og elev- og lærlingeombudet har kome med synspunkter som er innarbeidd i saka.

## **Vurdering frå fylkesrådmannen**

Til tross for nedgangen i dagleg røyking, er dette fortsatt den viktigaste risikofaktoren for både tidleg død og tap av friske leveår, og den kan førebyggast. Ei årsak til nedgangen er restriksjonar på bruk og det er grunn til å tru at ytterlegere restriksjonar både i høve til bruk, sal og marknadsføring ytterlegare vil redusere talet på røykarar. Fleire av forslaga i lovendinga er grep som skal hindre unge menneske i å begynne å røyke.

Utviklinga går klart i retning av innstramming av stader der det er mogleg å røyke. Fleire av forslaga er ein naturleg del av denne utviklinga og treng slik sett ikkje store kommentarar. Derimot er spørsmålet om lovregulering eller ikkje i høve til tilsette ved ulike helseinstitusjonar, barnehagar og skular eit omdiskutert tema som òg er drøfta i notatet.

På ungdomskulen er det røykforbod for både elevar og lærarar. Når elevane kjem på vidaregåande skule møter dei ein ny kvardag kor fleire elevar røyker og snuser rett utafor skolens område til tross for vedtaket i 2007. Undersøkingar visar at dette førar til større røykjepress og fleire røykjande og snusande elevar.

Hovudargumentet bak ynsket om tobakksfrie vidaregåande skular, er elevanes helse og livskvalitet. Det er eit mindretal av elevane som røykjer og mange av desse ynskjer å slutte.

Telemark har allereie, i alle fall på papiret, eit vedtak nært opp til det som er foreslått frå sentralt hald for elevane, men handheving av dette synast vanskeleg, kanskje nettopp fordi det gjeld berre elevane og ikkje dei tilsette.

To fylkeskommunar har så langt vedteke å innføre tobakksfri skule- og arbeidstid for elevar og tilsette; Nordland frå januar 2012 og Vest-Agder frå 2013.

Sogn- og Fjordane fylkeskommune har spurt KS om arbeidsgjevars styringsrett i høve til slikt forbod. KS meiner det vil kunne vera ein stor inngripen gjere eit generelt totalforbod mot tobakksrøyking i arbeidstida, men ser at det kan måtte gjelde visse stillingar og nemner m.a. barnehage, skule og helseinstitusjon. Men, heller ikkje i desse tilfella kan det etter KS sitt syn vera eit totalforbod. Eit eventuelt røykeforbod for t.d. lærarar, må avgrensast til den arbeidstida dei er på skulen.

Det er både vanskeleg og lite hensiktsmessig med forbod til elevane dersom dette ikkje også gjeld tilsette. Vaksne er rollemodellar. Telemark har allereie erfaring frå dette og trur ikkje dette framlegget gjer det enklare å handheve eit forbod. Partane i arbeidslivet og departementet bør difor kome fram til noko meir konkret når det gjeld tilsette i barnehagar, skular, helseinstitusjonar mm.

*Vedlegg:*

*Helse- og Omsorgsdepartementet, Høringsnotat om endringer i tobakkskadeloven Januar 2012.*